

Kontaktinformasjon:

Mona Båtnes 35075272/ 95901112

Hilde Berdalen 35075273/
97119868

Alice Haukelidsæter 35075273/
40914640

Bjønnehiet 35075275/ 94163550
Revehiet 35075276/ 94154414
Ulvehiet 35075277/ 94143505
Jervehiet 35075279/ 40912444
Maurtuva 35075280/ 91172649
Åmdals Verk 35075681/ 40914641

Pedagogiske leiarar på
småbarnsavdelingane:

Hanne:
hanne.karin.berglie@tokke.kommune.no

Julia:
julia.isabelle.eidem@tokke.kommune.no



DALEN
BARNEHAGE

Velkommen til Dalen barnehage

og avdeling: _____



Tilvenning og barnehagestart



Pedagogisk leiar: _____

Primærkontakt under tilvenninga: _____





Tilvenning- for nye barn og foreldre

Målet for perioden med tilvenning er ikkje å trene barna og foreldra til å «seie ha det» til kvarandre, men å gjere både barn og foreldre så trygge på barnehagen at det kan opplevast greitt å skiljast. Kor lang tid dette vil ta vil variere frå barn til barn.

Det å skulle byrje i barnehage kan vere både en spanande og innhaldsrik tid både for barn og foreldre, men det kan au vere knytt ein del spenning og uvisse til den. Me i Dalen barnehage ynskjer å leggje til rette for ei positiv oppleving - både for barnet sjølv og for foreldra.

Det er viktig å setje av god tid til tilvenning av 1-2-åringen før dykk foreldre må tilbake på arbeid, helst 10 dagar. Den fyrste tida til barn i barnehage bør innehalde korte dagar. Dei fleste arbeidsplassar gjev foreldre rett til tre dagar permisjon med løn for tilvenning av barn i barnehage, spør arbeidsplassen din.

Den vonde avskjeden

Formidle positivitet:

For mange foreldre kan det opplevast som sårt og vanskeleg å skulle overlate barnet til nokon ein ikkje kjenner. Barnet merkar om du er usikker og synast det er vanskeleg med barnehagestart og avskjed. Då kan også barnet bli usikker og tilvenninga og avskjeden kan bli vanskelegare. Det er viktig at du som forelder prøvar å formidle positivitet og tryggleik både mot barnehagen og personale - at her er det trygt og moro å vere!

Tydeleg avskjed:

Det er vanleg at barn gret når mor eller far skal gå frå barnehagen den fyrste tida. Likevel er det viktig at foreldra seier i frå til barnet at dei går, forklare at dei kjem tilbake og gi barnet ein klem. Det er viktig at barnet får erfaring med at foreldre ikkje går før dei seier i frå- og at dykk kjem tilbake etter ei tid. Ikkje la deg freiste til å snike deg ut utan at barnet merkar det. Det kan gjere barnet utrygt. Barnet skal erfare at foreldre reiser og at dei kjem tilbake. Dette blir forutsigbart for barnet.

Kva om barnet grin?

Om barnet ditt grin og klamrar seg fast til deg når du skal reise, er det ikkje unaturleg å kjenne seg som ein dårleg forelder og tenkje at barnehage var ein dårleg ide. Erfaring i barnehagane tilseier at barnet sluttar å gråte like etter at foreldra har reist. Me tek kontakt med dykk på telefon for å fortelje dykk korleis det gjeng med barnet ditt.

Barnet ditt og du er velkomen

Dag 1: _____
klokka: _____ til _____.

Tida skal nyttast til å bli kjent med avdeling, og sjå korleis me har det her. Det er best om foreldre held seg i nærleiken av barnet, og er tilgjengeleg om me tar kontakt. Foreldre bør sjølv stelle barnet de fyrste dagane, og sitje saman under ulike aktivitetar fyrste dagen. Erfaringa vår tilseier at det kan vere nok med ein time for 1-åringen, då det kan vere mange nye inntrykk denne dagen.

For oss, personalet, i barnehagen er det nyttig å sjå barnet saman med sine foreldre. Det gjev informasjon om blant anna vanar og kommunikasjon, og slik kan me lettare møte barn og foreldre individuelt og med forståing.

Dag 2: _____ **Dag 3:** _____
Dag 4: _____ **Dag 5:** _____

Desse dagane er det bra om foreldre sit rolig og er litt kjedelege, så personalet kan ta kontakt med barnet og bli kjende. Det er likevel viktig at foreldre er i nærleiken som ein tryggleik for barnet, som barnet kan gå til når det treng. Foreldre har ansvar for stell av barnet. Avhengig av korleis det har gått kan foreldre gå ifrå ein liten stund på slutten av dag 5. Desse dagane bør ikkje vare lenger enn 2-3 timar.

Dag 6: _____
klokka: _____ til _____.

Foreldra kan vere med ein liten stund på morgonen, men seier sidan «ha det» og går. Barnet hentas før lunsj. Barnehagen tek kontakt med foreldra om det skulle vere noko. Denne dagen bør ikkje vare lenger enn 2 timar.

Dag 7: _____
klokka: _____ til _____.

Foreldern seier «ha det» på morgonen og går. Barnet vert henta etter lunsj. Barnehagen tek kontakt med foreldra om det skulle vere noko. Denne dagen bør ikkje vare lenger enn 3 timar.

Dag 8: _____ **Dag 9:** _____
Dag 10: _____

Det er tid for å forlate barnet i barnehagen ved levering. Barnet vert henta etter kvile. Det er viktig at foreldre, eller nokon andre som står barnet nær, er tilgjengelege på telefon og har høve til å hente barnet tidlegare ved behov, både under tilvenninga og den fyrste tida etter. Barnehagen tek kontakt med foreldra om det skulle vere noko.